

GULLVEDERBUKEN I SKÅRSVATNET

I september 1901 kom ei last med gullvederbuk frå Preussen til Bergen for å bli sett ut i Nygårdsparken. Ein av initiativtakarane var den kjende lækjaren KLAUS HANSSEN. Tretten år seinare vart Hanssen bodsend. Ville han koma til Øystese for å hjelpa distriktslækjar PETER MUNCH SØERGAARD i arbeidet mot tuberkulose i bygda? Hanssen reiste – og med seg i bagasjen hadde han levande «gullfisk» frå Nygårdsparken.

Mellom gullfiskane var gullvederbuk, i tillegg til karuss og kanskje òg karpe. Dei vart sette ut i SKÅRSVATNET. Bestanden av gullvederbuk treivst lenge godt i vatnet. Fisken stod tett og var av ulik storleik. Utover 1980-talet la folk merke til at det vart fleire av den mørke, vanlege typen vederbuk, som er ei kryssning med opphav i gullvederbuk. Etter kvart observerte ein berre store fiskar av den gullfarga typen, og ein fekk mistanke om at gullvederbukane ikkje lenger formeira seg i Skårsvatnet.

Ein student ved Universitetet i Bergen sette i gang eit hovudfagsarbeid i vatnet, og kunne avsløre at den sannsynlege årsaka til endringa i gullvederbukbestanden var stingsilda. Denne fisken – innført til vatnet i 1967 – åt opp egg og larvar. Det viste seg at larvar av gullvederbuk var meir ettertrakta enn larvar av den mørke typen vederbuk. Som følgje av desse granskingane vart gullvederbuk klekta ut og føra opp i kar der dei var verna mot stingsild. Då dei var så store at stingsilda ikkje kunne skada dei, vart vederbukane sleppt ut i Skårsvatnet. Det er von om at dette tiltaket skal berga rekrutteringa av denne spesielle fiskebestanden.




Jan Rabben

«GYGRARÆVE»

Segna fortel at trollkjerringane eller gygrene på kvar side av Fykkesundet var uvener. Gygra på vestsida tok tak og reiv og sleit i fjellet på austsida. Fjellstykket losna, og vestsidgygra fall attover og miste steinane. Slik kom Rossbolmen til å liggja midt i sundet. I fallet planta gygra «ræve» si i bergveggen på si eiga side. Her ligg den runde kvelven med namnet «Gygraræve».

Folkefantasiaen har ofte gitt forklaringar til naturfenomenen. «Gygraræve» er ei 20 meter høg halv jettegryte, med kvelven opp. Ho ligg i glimmerskiferen like over sjøflata på vestsida av Fykkesundet, midt imot Steinstø. Gryta er lett synleg frå kaien på Steinstø. Ho må ha vore danna av smeltevatn under breen, smeltevatn som med stort trykk bar strøymt oppover mellom breen og fjellsida. I vatnet har sand og grus vore slipereskapar (®318). (Foto: Inge Aarseth)



FJELLSKREDET PÅ FYKSE

Mange stader i fylket vitnar steinurer om store steinsprang og skred. Men at det største skredet etter istida gjekk på austsida av Fykkesundbrua, er ikkje lett å sjå. Gardsvegen til Klyve går gjennom tunet på Fyksegardane, der kjempestore steinblokker ligg strøydde ikring. På garden bar ein lenge visst at grunnen var full av «kaldeboler», som vart nytta til lagring av matvarer. Ja, så store er dei at den felespelende bonden held konsertar for opptil 100 turistar i ein 18 meter lang og 4 meter høg hall, «Døse», under jorda.

Vegen like nord for garden går i eit lite dalsøkk, som markerer bakkanten av skredtinga. Øvst i lia ser vi kanten der skredet losna i om lag 480 meters høg. At massane på 10 millionar m³ ligg i ro, er det austre brutårnet til Fykkesundbrua vitne om. Brutårnet har stått sidan 1937, midt i skredmassane. (Foto: Svein Nord)

